
Til: Fylkesordfører

Frå: Ungdommens fylkesutval

Referanse
2014/560-117

Dato
23.10.2014

Førespurnad om støtte til politikardeltaking på Ungdommens fylkesting 2015

Den 14.-15. februar 2015 vert det årlege Ungdommens fylkesting for Hordaland heldt ved Clarion Hotel Edvard Grieg på Kokstad. På Ungdommens fylkesting (UFT) vert Ungdommens planprogram for kommande år vedteke. Planprogrammet er den politiske plattformen som Ungdommens fylkesutval (UFU) skal jobbe etter det kommande året.

I samanheng med at UFU arrangerer UFT 2015 ønskjer vi å invitere politikarar frå fylkestinget til UFT slik at dei kan sjå korleis vi arbeidar, samt vere inspirasjon for delegatane. Vi ønskjer derfor at fylkeskommunen finansierer deltaking som observatørar for dei politikarane som ønskjer dette.

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes
leiar